



VEDTEKTER
VOSS FALLSKJERMKLUBB

INNHold

FORMÅL	3
§1 NAMN.....	3
§2 FORMÅL	3
§3 RETNINGSLINJER.....	3
ORGANISJASJ ON.....	4
§4 ÅRSMØTET	4
§5 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE.....	6
§6 STYRET	7
§7 HOVUDINSTRUKTØR	8
§8 MEDLEMMANE	9
OPPLØYSING.....	9
§9 OPPLØYSNING	10
GYLDIGHEIT	10
§10 GYLDIGHEIT.....	11

FORMÅL

§1 **N a m n**

Klubben sitt namn skal vera Voss Fallskjermklubb.

§2 **Formål**

Voss Fallskjermklubb, heretter berre kalt VFSK, sitt føremål er å leggja forholda til rette for rekruttering og utøving av fallskjermporten på Voss.

§3 **Retningslinjer**

Voss Fallskjermklubb skal til ei kvar tid fylgja retningslinjer som er godkjende av øverste luftfartsmyndigheit (Luftfarstilsynet) i Norge. VFSK er tilslutta NLF gjennom F/NLF og dermed også Norges Idrottsforbund. VFSK skal til ei kvar tid fylgja NIF's oppdaterte lovnorm for idrettslag.

ORGANISASJON

§4 ÅRSMØTET

§4.1 Årsmøtet er klubbens høgaste organ.

§4.2 Årsmøtet handsamar

Rekneskap og årsmelding, fastsetje medlemskontingent, handsame innkomne saker, endringar i vedtektene, godkjenne strategidokument og programplan, vedta budsjett og val av styre, valkomité og kontrollkomité.

Disposisjonar av vesentleg betyding, ekstraordinær karakter eller betydeleg omfang i forhold til idrettslagets storleik eller virksomheit, skal vedtakast av årsmøtet.

§4.3 Saker til årsmøte

Saker som ynskjest tatt opp på årsmøtet må vera styret i hende seinast 2 veker før årsmøtet.

Medlemene skal gjerast merksame på denne fristen seinast 2 veker før den går ut.

§4.4 Innkalling til årsmøtet skal sendast ut 4 veker før årsmøtet. Årsmøtedokumenta skal sendast ut seinast ei veke før årsmøtet, og innehalda årsmelding, rekneskap, budsjett,-programplan og innkomne saker.

§4.5 Vedtak

Årsmøtet kan gjera vedtak med simpelt fleirtal.

§4.6 Gjennomføring

§4.6.1 Årsmøtet skal godkjenna innkalling, utpeika møteleiar og referent og handsama dei enkelte punkt i inkallinga.

§4.6.2 På årsmøtet har den møte, tale, forslags og stemmerett som er medlem i VFSK. Medlemene i VFSK skal vera godkjende av styret i fallskjermklubben.

§4.6.3 Årsmøtet i VFSK skal haldast på Voss innan utgangen av mars kvart år. Årsmøtet kan og haldast digitalt om behov.

§4.6.4 Val og avstemmingar kan skje ved akklamasjon.

§4.6.5 Benkeforslag er tillatt ved val.

§4.6.7 Årsmøtet fastset medlemskontigenten. Står ikkje kontigent på agendaen ligg den fast.

§4.6.8 Avstemming krev simpelt fleirtal.

§4.6.9 Årsmøtet kan endra vedtektene, det trengs då 2/3 fleirtal av dei frammøtte, førehandsstemming og overdraging(fullmakter) gjeld ikkje.

§5 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

§5.1 Det skal holdes ekstraordinært årsmøte dersom 2/3 deler av styremedlemene eller 1/2 parten av medlemmene skriftlig krev det, eksklusiv tandem-medlemmer.

§5.2 Det ekstraordinære årsmøtet skal holdes innen to måneder etter at reelt krav foreligger. Innkalling skal sendes skriftlig til alle medlemmer med minst 3 2 ukers varsel, og inneholde fullstendig sakliste.
Kun emne oppført på sakliste godtas handsama.

§6 STYRET

§6.1 Styret er VFSK's utøvande organ og skal ivareta klubbens føremål, interesser og verdiar.

§6.2 Styret rapporterar til årsmøtet, legg fram årsmelding og rekneskap for året som gjekk, budsjett og handlingsplan for året som kjem. Om mulig skal terminlista også leggjast fram.

§6.3 Styret skal minimum bestå av styreleiar, nestleiar, sekretær og to styremedlemmar. I tillegg skal det vera to varamedlem.

§6.4 Styret vel sjølv arbeidsform, men vedtak skal fortløpande protokollførast av sekretær. Protokollen er open for innsyn frå medlemmane.

§6.5 Ved stemmelikheit avgjer styreleiar, eller når denne er fråverande nestleiar, si stemma.

§6.6 Styremedlem vert valgt for to år av gongen. Styreleder vert valgt for eitt år av gongen. Varamedlem 1 vert valgt for to år og varamedlem 2 vert valgt for eitt år av gongen.

§6.7 Det kan berre skiftast ut to styremedlemmer ekstraordinært i løpet av året. Varamedlem rykkjer då opp.

§6.8 Sitjande styre kan erstattast av ekstraordinært årsmøte.

§6.9 Styret har fullmakt og er ansvarleg for forvaltning av dei verdiane som klubben rår over.

§6.10 Styret kan oppnevna utvalg, nemder og komitear.

§7 HOVUDINSTRUKTØR

§7.1 Styret instiller HI i henhold til F/NLF Håndbok. SU godkjenner HI.

§8 MEDLEMMANE

- §81 Medlemane pliktar å rette seg etter VFSK's vedtekter, instruksar og vedtak fatta med heimel i vedtektene.
- §82 Medlemane pliktar å motta tillitsverv, men har dog rett til å nekte gjenvalg i like lang tid som dei har fungert.
- §83 Medlem som skriftlig, muntleg eller ved handling opptrer i strid med eller unnlatar å opptre ihht VFSK's vedtekter, instruksar, eller vedtak fatta med heimel i vedtektene, på ein slik måte at det er; eigna til å skade, svekka tilliten til eller anseelsen til VFSK internt eller eksternt; utnytting av klubben til eiga vinning eller opptrer på en måte som er eigna til å skade eller motarbeida andre medlemmer og deira utvikling i organisasjonen, kan:
- ileggjast skriftlig irettesetjing,
 - suspenderast/fråtakast tillitsverv, verv og oppgåver
 - ekskluderast som medlem og dermed mista alle sine rettigheter og plikter i klubben

Før disiplinærreaksjon(ar) vedtas skal medlemmet ha anledning til å uttale seg.
Disiplinærreaksjonar skal grunngjevast skriftlig.
Vedtak om ekskludering er kun gyldig når styret er fulltallig og einstemmig.
Gjeld saka eit styremedlem må resten av styret vera einstemmig.

OPPLØYSING

§9 OPPLØYSNING

- §91 Klubben kan løysast opp dersom 3/4 av dei frammøtte medlemmane på årsmøtet krev det.
- §92 Årsmøtet vedtek då disponering av aktiva og passiva i klubben.
- §93 Dette fleirtalet må gjentakast på neste års årsmøte for at vedtaket skal vera endeleg.
- §94 Klubbens midlar skal då frysast i 3-tre-år for eventuell reaktivering av klubben.

GYLDIGHEIT

§10 GYLDIGHEIT

§10.1 Desse vedtektene, pr 17.03.2021, demanterer eventuelle tidlegare vedtekter i VFSK.